

Fra: oddbjørn angelskår <oddbjorna@yahoo.no>
Sendt: 31. mai 2013 05:36
Til: Ordfører Lindås; sveinung.toft@lindas.kommune.no; Arne Eikefet;
Tor Hegle
Kopi: kst@thommessen.no; egr@thommessen.no
Emne: Den forsvunne Kerrevegen på Midtgård-Leknes
Vedlegg: 1. Kommentar til reg. plan 01.10.04.doc; 2. plan og miljø-
fylkesmannen.pdf; 3. midtgård utsleppsanlegg teikn 3.pdf; 4.
midtgård utsleppsanlegg teikn 4.pdf; 5. Tilsynsrapport.pdf

Til Lindås kommune

Historien om den forsvunne kjerrevegen

Den 01.10.04 sendte me inn kommentarar til reguleringsplan Midtgård/Leknes for å gjera kjent div. rettigheter i området som var ønska regulert, blant anna ein kjerreveg me har vegrett på.(vedlegg 1.)

Etter mykje om og men, og innspel/krav frå plan og miljøutvaet og fylkesmannen (vedlegg 2.), vart området der kjerrevegen går, tatt ut av reguleringsplanen og reguleringsplanen vart godkjent 14.06.2007

11.12.2009 fekk utbyggjar godkjent ein vann og avløpstrase som følgjer planlagt fremtidig adkomstveg gjennom området som var tatt ut av reguleringsplanen (utan at me vart nabovarsla denne gongen).

Denne fremtidige vegtraseen kryssa kjerrevegen.(vedlegg 3 og 4.)

Når me såg at arbeidet med VA vegen byrja, store delar av kjerrevegen vart fjerna og det vart byrja på ein ny veg ned mot vårt hus, tok me kontakt med Kommunen pr. telefon og E-post. 28.10.2010. I svaret frå Knut Bjørnevoll står det:” . *Den påbegynte stikkvegen ned mot eigedommen skal fjernast, forhåpentligvis i dag*”. Denne vegen har aldri vorte fjerna, berre dekkta til med jord.

Etter dette har det vore mange møter, telefonar og e-postar. Det er og mange andre i området som vart berørt pga. skader som oppsto i samband med annleggsarbeidet i området.

Dette førte til at Ordføraren inviterte til eit møte på kommunen 05.10.2011, der Kommunen hadde invitert Advokat Grande frå advokatfirmaet Thommesen til å orientere om saka.

Kommunen orienterte og om at dei hadde hatt tilsyn med ansvarleg utførande for annleggsarbeidet, og delte ut kopi av tilsynsrapporten. (vedlegg 5.)

På møtet var også advokat Kennet Steffensen, som arbeider i same advokatforma som advokat Grande. Etter dette møtet er det advokat Seffensen som har representert 10 oppsittjarar i saka(saka er enno ikkje avslutta).

Eg har ved fleire høve spurt begge advokatane(Grande og Steffensen) om dei kan ta opp spørsmål angående Lindås kommune sitt ansvar i saka. Først fekk eg nokre utydlege svar. Seinare sa dei at dei ikkje kan ta opp spørsmål som gjeld kommunen sidan begge partar er representert av same advokatkontor(Thommesen).

Som erstatning for den forsvunne kjerrevegen har det blitt grusa ein gangsti oppå den jordtildekte, påbegynte stikkvegen som kommunen har bedt utbyggjar å fjerne. Er dette ein løsing kommunen har godkjent?

Med bakgrunn i denne historien har me nokre spørsmål som eg ynskjer svar på.

1. Korleis kunne utbyggjar få godkjent ein vann og avløpstrase / framtidig adkomstveg i eit område avsett til bustadføremål utan at det førelåg ein godkjend reguleringsplan?

("Av føresegnene til arealdelen går det i punkt 1.1 fram at det er krav om reguleringsplan i byggjeområda før bygging og deling kan gjennomførast". Dette er svaret me har fått på ein søknad i same området.)

2. Kvifor er det ikkje ordna opp i mange av punkta i tilsynsrapporten?

3. Korleis kunne det skje at Lindås kommune tilbyr oppsitjarane ein advokat frå same advokatkontor som Lindås kommune sjølv nyttar?

Dette gjev ikkje oppsitjarane høve til å ta opp saker som gjeld Lindås kommune si rolle i denne saka.

Spørsmålet er ikkje meint som ein kritikk til arbeidet Kennet Steffensen har gjort for oppsitjarane i forhold til Ivar Opsal-Svein Arvid Andersen.

Me veit ikkje kven i Lindås kommune som kan svare oss på dette brevet. Men håpar at de som mottok dette brevet kan sørge for at rette vedkomande får brevet slik at vi kan få eit svar.

Vi ser fram til å høyre frå dykk.

MVH

Oddbjørn og Karianne Angelskår